



■ ■ ■ Denne kalde januarkvelden er himmelen skyfri. Trass i ein sterkt skinande måne, er det høve for å sjå ein og anna planet og galakse der ute i det fjerne. Foto: Tobias Lucey

Når mørket kjem, står Geir ute med teleskopet: - Universet er jo fascinerande, naturlegvis

Spørsmålet «er me åleine?» har plaga tenkarar i heile menneskets historie. Men her på jorda, er ikkje Geir Styve åleine om hans interesse.

Hobby

TOBIAS LUCEY
tobias@strilen.no

Når du kikker opp på stjernehimmelen, er det lett å føla seg liten. For der ute finst det kring to billionar galaksar, rundt ein kvadrillion stjerner, og ein trilliard planetar, berre i den delen av universet me klarer å observera frå jorda.

Store tal, som me ikkje er vande med å bruka. For å setja det i ein slags kontekst, så sa Carl Sagan at det finst fleire stjerner i heile universet enn det finst sandkorn på strendene på jorda.

Kor mange planetar det er, er meir usikkert, og debatten om korleis ein kan rekna seg fram til det held fram.

Det som er sikkert er at det er mange. Og at jorda er berre ein av dei.

I grillhytta til ein kar

Douglas Adams skreiv i hans klassikar *Haikarens Guide til Galaksen* at «verdsrommet er stort. Veldig stort. Du kan berre ikkje tru kor enormt, tankesprengande stort det er».

Til samanlikning, er grillhytta til Geir Styve relativt lita. Men her kan han og journalisten sitja og varma seg før dei skal ut på oppdrag. Og slarva litt, om både stort og smått.



Geir Styve fekk si første bok om verdsrommet då han berre var poden. Det sādde nok eit frø. Foto: Tobias Lucey



Engasjerte sambygdingar møtte opp hjå Geir. Foto: Tobias Lucey

Men mest stort.

- Då eg var seks eller sju år gamal fekk eg ei bok om stjerner til bursdagen min. Den las eg i filler. Og det er litt artig å bla gjennom ho no, for kunnskapen har utvikla seg formidabelt.

Då han fekk boka hadde Jupiter 13 månar. No, i løpet av Geirs 68 rundar rundt sola, har han fått i alle fall 95.

Første teleskop fekk han i tenåra.

- Eg sparte og sparte, og det var det eg kjøpte meg til konfirmasjonen i staden for moped.

Det var kanskje denne boka som sādde frøet. Geir er ein allsidig mann; han er bonde, føredragshaldar og «space-nerd». Men berre på privaten, for noko yrke vart det ikkje ut av det.

- Nei, då må ein studera astrofysikk. Nokre hobbyar skal berre ikkje verta til jobb.

På rekke og rad

At Geir interesserer seg for verdsrommet er ikkje rart. Det er menneskeleg natur å vera nyfiken, spesielt ovanfor dei aller største spørsmåla.

Verdsrommet gjev kanskje meir spørsmål enn svar, men å tileigna seg kunnskap handlar ikkje alltid berre om å få svar på dei konkrete spørsmåla ein kontemplerer over.

- Eg har jo ein generell interesse for naturvitskap, frå geologi til insekt, fuglar og andre dyr, altså det som er i naturen. Universet er jo fascinerande, naturlegvis.

Kva er det han likar å kike på når han riggar seg til med teleskopa sine? Ikkje noko spesielt. Det som er aktuelt, svarar han.

- I kveld er måneskinet så sterkt at det ikkje går an å sjå på svakobjekt. Er det ein mørk kveld, så kan ein sjå veldig langt attende. Om ein kan fotografera, er det endå kjekkare.

Med andre ord må me halda oss «nært» for kveldens sesjon. Ikkje at det gjer noko, for kvelden i kveld er ein spesiell kveld.

- For ein kan sjå nesten alle planetane i Solsystemet samstundes. Det er tilfelle, og korleis dei er plassert i banene sine, som gjer dette.

Det er berre Merkur som ikkje er synleg, då han er så nærme sola. Elles heng dei resterande som perler på ei snor på himmelkvelvinga.

Noko som skjer kring kvar tohundrede år.

Breitt miljø

Geir justerer teleskopet. Det er tid for å skoda på ein anna planet: Saturn. På grunn av plasseringa han har i bana si rundt sola, er det vanskelegare å tyda dei karakteristiske ringane, men ein får framleis sett eit lite glimt.

Akkurat i kveld har Geir invitert nokre sambygdingar opp for å nyta stjernehimelen saman med han. Dette er berre folk som er nyfikne, men det er faktisk eit stort astronomi-miljø i Noreg.

- Hobbymiljøet er stort, og det er veldig flinke folk der. Kvar større by har ei astronomisk foreining. I Bergen, der eg er medlem, er det kring eit femtitals medlemmar.

I desse gruppene har dei til dømes teorikvelder eller nokon som held føredrag. Eller så kikar dei på stjerner, naturlegvis.

- I november reiste me til Tenerife og vitja verdas største teleskop.

I hans erverv har Geir fleire teleskop og

kikkertar. Desse er av det analoge slaget, men nyleg har Geir gått over til meir moderne teknologi.

Kva er der ute?

Som har opna ei heil verd(srom) av nye moglegheiter.

- Kva er det mest spanande du har sett der ute?

- Det er lett å svara på. På eitt av dei fyrste bileta eg tok med han, oppdaga eg at eg hadde sett ein halv milliard år attende i tid, seier han og peiker på smartteleskopet hans.

- Ein må hugsa på at når noko er veldig langt unna, så er teleskopet ei tidsmaskin som viser korleis objektet såg ut den gong det sende ut lyset me mottek i dag.

Styrt via telefon kan den ta bilete langt, langt attende i tid. Veldig fine bilete. Og ei passande påminning om moglegheitene ved moderne teknologi.

Teknologi som held fram å gje svar, samstundes som det banar veg for nye spørsmål.

- Er me åleine? Kva trur du?

- Altså, «trur» er det operative omgrepet. Men det er bevist at dei fleste stjerner har planetar rundt seg. Når ein tenkjer på kor mange planetar det er der ute, så er det litt ulogisk at det som har skjedd på jorda, ikkje har skjedd to gongar.

Han poengterer at me for 30 år sidan ikkje kunne svara på om andre stjerner i universet hadde planetsystem, eller om sola var den einaste. Det var høgt usannsynleg, men det kunne ikkje bevisast.

No kan me det. Den same tilnærminga tar Geir til spørsmålet om liv utanfor vår planet.

- Arthur C. Clarke sa «anten så er me åleine i universet, eller så er me ikkje det. Begge tankane er like skremmande».


Sjå fleire bilder på strilen.no



Akkurat denne kula i himmelen kjenner me til. Foto: Geir Styve



Sombroerogalaksen, kring 29,35 millionar lysår unna. Foto: Geir Styve



I eit så endelaust rom som universet, er det plass til å tenka på dei litt større spørsmåla. Foto: Geir Styve